



Judith Eikevik  
Eikeviken 49  
5043 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7651 - 20/37592

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
18.06.2020

## Landbrukssak gbnr 99/4 og 99/1 Våge - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

**Administrativt vedtak: Saknr: 637/20**

### VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Judith Eikevik løyve til bygging av omsøkt veg.**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

**Vedtaket er gyldig til 30.06.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2**

### Saka gjeld

Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 99/1 og 99/4 Våge i Alver kommune. Det skal byggast ca 335 meter veg i klasse 3, landbruksvegklasse, for å gje tilkomst til tun og fjøs. 113 meter av vegen går først til tunet og 222 meter vidare til fjøset.

### VURDERING:

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen.

Sjå svar under frå fylkeskommunen og vedlagd brev.

Vi viser til Dykkar brev av 08.04.2020 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Våge i Alver kommune. Innsende vedlegg i saka viser at traseen til vegen no er endra i forhold til tidlegare innsendte situasjonsplan.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen. Like nord for den omsøkte vegen ligg eit arkeologisk minne med Askeladden id. 244087, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området der vegen er omsøkt vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:20/7651

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gbnr 99/4 og gbnr 99/1 Våge  
AcosSvarInn.xml

**Mottakarar:**  
Judith Eikevik

Eikeviken 49

5043 BERGEN